

---

Saksnr: 2019/107-4  
Saksbehandlar: Magnus Odéen  
Dato: 12.01.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Medarbeidarundersøkinga i VLFK 2020

Vestland fylkeskommune har i 2020 gjennomført ei medarbeidarundersøking for alle tilsette. Undersøkinga har omfatta tema som arbeidssituasjon og arbeidsoppgåver, leiarskap og jobbengasjement. Undersøkinga tek óg opp aktuelle tema som fjernleiing og heimekontor, og dei tilsette si oppleving av fylkessamanslåinga.

HMS- og kvalitetsgruppa (HMS-K) i HR-seksjonen har hatt ansvaret for gjennomføring av medarbeidarundersøkinga, med ekstra ressursar tilført frå HR Rådgjeving og utvikling (HR-RU). Avonova (tidlegare Stamina og Stamina Census) har vore leverandør av undersøkinga og gitt fagleg bistand.

Vi har nytta ei skreddarsydd utgåve av den anerkjende undersøkinga MTM. Undersøkinga har blitt tilpassa VLFK sine behov, og har eit solid normgrunnlag frå andre fylkeskommunar og Norsk offentlig sektor.

Leiaropplæring er blitt gjennomført digitalt. Opplæringa har skjedd i to omgangar. Alle leiarar samt hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod fekk i haust tilbod om å delta på første del av opplæringa, og meir enn 400 leiarar deltok. I løpet av januar er det gjennomført og planlagt 14 digitale leiarkurs for alle leiarar i organisasjonen. Det vil òg bli gitt kurs for verneombod med fokus på AMU si rolle i oppfølginga. Dei som treng ekstra oppfølging vil få dette frå HR i linja med støtte frå HR sentralt.

Alle leiarar vil gjennomføre møte med sine tilsette dei næraste månadane, og det vil bli utarbeidd tiltaksplanar på fleire ulike nivå. Dei lokale AMU vil følgje opp arbeidet med tiltaksplanar utover i 2021.

### Resultat frå undersøkinga

Undersøkinga blei sendt ut 2. november 2020 med tre vekers frist. Arbeidsgivar hadde sett seg som mål å ha ein svarprosent på 80%. Til slutt enda svarprosenten på 88%, som er høgare enn tidlegare undersøkingar. Samla sett gir difor undersøkinga eit godt bilete av organisasjonen.

På overordna nivå skårar VLFK innanfor det gjennomsnittlege området samanlikna med andre fylkeskommunar i referansegrunnlaget. Dette til tross for at vår organisasjon har vore gjennom samanslåing og står i ei krevjande koronasituasjon. Det er ikkje vesentlege forskjellar mellom tilsette som kom ifrå Hordaland, Sogn og Fjordane, frå Statens Vegvesen eller som var nye i VLFK.

Det vert rapportert om godt kollegaskap og godt sosialt samspel på arbeidsplassen, og næraste leiar skårar gjennomgåande godt. I fylkesadministrasjonen er det klare signal om at tilsette opplever at det er høgt arbeidspress, og at dei må jobbe i høgt tempo. Det er også mange som etterlyser meir kompetanseutvikling. Dei fleste opplever at det går greit å ha heimekontor, dei får

meir ro til konsentrasjon og fokus, men at det går ut over samspelet med andre. Resultata er i tråd med undersøkinga tidlegare i haust om heimekontor.

Tala på mobbing er på same nivå som andre fylkeskommunar, men er likevel ikkje akseptabelt. Det er 28 personar som melder om seksuell trakassering. Det er viktig å jobbe systematisk førebyggjande og vise nulltoleranse for denne typen oppførsel.

Mange tilsette gir uttrykk for at bakgrunnen for samanslåinga av HFK og SFFK ikkje er godt nok grunnlagt og kommunisert. Det blir viktig å fortsette arbeidet med å bygge ein felles kultur i heile det nye fylket.

I tida framover vil hovudfokus være å gå frå resultat til tiltak, slik at vi kan styrke dei gode sidene av arbeidsmiljøet, og ta tak i dei utviklingsområda vi har.